



## Protokoll frå styremøte i NGIR

**Tid:** 20.06.16, kl. 13.30

**Stad:** Kjevikdalen

### Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Kristin Handeland, ,  
Martin Soltveit, Kariann Ekren (1. vara)

### Frå representantskapet møte:

Liv-Anne Aanensen (repr.sk.leiar)

### Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Rune Ones (referent)

### Sakliste:

- Sak 15/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 16/16 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 17/16 Meldingar
  - a) Diverse munnleg orientering
- Sak 18/16 Uttale frå Radøy formannskap
- Sak 19/16 Ny dagleg leiar i NGIR

Moglege andre saker.

Av omsyn til at det møtte ny representantskapsleiar og ny 1. vara gjorde styreleiar merksam på NGIR sin styreinstruks, og gjekk igjennom denne. Det vart og gjennomført ein presentasjonsrunde.

Dagleg leiar minna om styreseminar den 22/23 september i regi av KAV.

Styreleiar ynskte at flest mogeleg i styret deltek på seminaret og gjev tilbakemelding til dagleg leiar snarast.

## **Sak 15/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

## **Sak 16/16 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert.

## **Sak 17/16 Meldingar**

### **a) Diverse munnleg orientering**

#### **1) Grunnerverv i Kjevikdalen**

Dagleg leiar gjorde greie for framdrift i saka etter vedtak som vart gjort i sak 13/16. Dei aktuelle grunneigarane er varsla frå advokat om at NGIR vil starta oreigningsprosess. Aktuelle grunneigarar har kome med eit nytt tilbod. NGIR har fått gjennomført ei ny takst av eigedomane og er rådd av advokat til å ha eitt møte til med grunneigarane for å freista for siste gong å få til einigheit om kjøp før ein startar prosess med oreigning.

#### **2) Grunnerverv på Manger**

Dagleg leiar har hatt møte med Radøy kommune i samband med NGIR sitt ynskje om å få kjøpa tilleggsareal for å kunna rusta opp gjenvinningsstasjonen. Kommunen har tidlegare svara NGIR at omsøkt areal kan seljast for takst. Pga at opphavleg kjøp av areal for stasjonen i 1996/97 ikkje er oppmålt og tinglyst, har ikkje NGIR skøyte på eigedomen, men har betalt den. Det er naturleg å ordne opp i desse forholda samstundes som ein eventuelt kjøper tilleggsareal. NGIR sin trong for areal lagar problem i fht at kommunen treng tilførselsveg til arealet som ligg bak stasjonen, og ein må mogelegvis (anten NGIR eller Radøy kommune) gjera avtaler med naboeigedomen som er eigd av Hordaland fylke, om avståing av eit mindre areal. NGIR lagar skisse over tenkt utbygging og absolutt arealtrong og sender over til kommunen før ein avtalar nytt møte.

#### **3) Sal av tomt i Knarvik**

Tomta ligg ute for sal og ein ventar bod inn i veke 25.

#### 4) **Transportanbud for innsamling av hushaldsavfall**

Det er no skrive kontrakt med RenoNorden AS. RenoNorden får kontrakten med svært låge prisar. Dette er fordelaktig for NGIR sine abonnentar, men dagleg leiar ser reknar med at det trengst svært tett oppfølging av kontrakten i driftsperioden.

NGIR har vore særskild opptatt av to ting i fht arbeidstakarane som skal arbeida i kontrakten; Dei skal ha løns- og arbeidsvilkår etter landsomfattande tariff og dei skal beherska norsk språk tilfredstillande.

Det er sett miljøkrav til køyrety som skal nyttast, og det vert truleg ein god del ruteendringar.

#### 5) **Transportanbud for konteinartransport**

Dette anbudet vil verta lagt ut over ferien. Anbudet er delt opp og inneheldt ei rekkje opsjonar, td køyring av matavfall, køyring av avfall frå gjenvinningsstasjonar og gjev høve til køyring av delar av kontrakten i NGIR sin eigenregi. Opsjonane vil gjera det mogleg å variera bruk av eigentransport og leigetransport.

#### 6) **Benchmarking**

Denne gongen har NGIR berre vore med på kundeundersøkinga. Dagleg leiar gjekk igjennom dei vesentligaste delane av dei svara som er komen inn og NGIR ligg ikkje under snittet av deltakande selskap på nokon einskildpunkt og helst i øvre del av skalaen.

### **Sak 18/16 Uttale frå Radøy formannskap**

Dagleg leiar viser i saksutgreiinga til pkt 5 i skriv frå Radøy formannskap som lyder:

**”Breiare vurderingar.** Me ber NGIR vurderer om leveransar med traktor kan gjeninnførast anten på særskilde levereringstidspunkt, eller ved å innføra ei leveringsavgift ved større kvanta levert på gjenbruksstasjonen. ”

Korkje styre eller dagleg leiar har ynskje om å overstyre dei HMT-vurderingar som er gjort. Dagleg leiar har freista å sjå på ein del statistikk for busetnadsmønster, tal traktorar, trulege avfallsmengder, økonomi osb, men det har vore vanskeleg å forutsjå kor stort behovet er og kor store avfallsmengder ein vil kunna forventast levert frå traktorar dersom ein gjer forsøk med særskilde innleveringstidspunkt.

Styret drøfta saka og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

### **Vedtak**

Det skal leggjast tilrette for eit forsøksprosjekt der traktorar/større køyrety får nytta Manger gjenvinningsstasjon. Forsøksprosjektet skal vara nokre månader før evaluering og rapportering til styret. Forsøksprosjektet kan t.d. gjennomførast ved at traktorar/større køyrety kan levera hushaldsavfall 1-2 tysdagar kvar månad frå klokka 19.00 til kl. 20.00 (etter ordinær opningstid). Tal besøkande skal registrerast.

### **Sak 19/16 Ny dagleg leiar i NGIR**

Grunna auka arbeidsmengde har det over tid vore trong for auka ressursar i administrasjonen i NGIR. Stillinga som dagleg leiar har og utvikla seg til å famna om vel mykje, med direkte personalansvar for over ti personar, ansvar for budsjettering, rekneskapsrapportering, controllerfunksjon og ein del kontraktoppfølging, i tillegg til alt det andre som vanlegvis ligg i det å vera dagleg leiar. Nyleg har NGIR inngått ny transportavtale for innsamling av avfall, med oppstart frå nyttår, som venteleg vil krevja tettare oppfølging enn gjeldande kontrakt.

På bakgrunn av dette, og at dagleg leiar det siste året har slite med helseplagar, har dagleg leiar bedt styret om at det vert søkt etter ny dagleg leiar.

### **Vedtak**

Styret lyser ut etter ny dagleg leiar, med tiltreding frå ca. 01.01.2017. Erlend Kleiveland går over i stilling som økonomileiar med ansvar for økonomi, controllerfunksjonar og kontraktar. Erlend Kleiveland held fram som dagleg leiar til ny dagleg leiar tiltrer.

*Kjevikdalen, 20.06.2016*

---

Helge Fjellanger  
-styreleiar-

---

Ottar Skjelvik  
-styremedlem-

---

Kristin Handeland  
-styremedlem-

---

Kari Torkildsen Utkilen  
-styremedlem-

---

Martin Soltveit  
-styremedlem-